

Områdeadresse

I område utan klare vegsystem kan ein tildele «områdeadresser». Områdeadresser har same struktur som ordinære vegadresser med adressekode, adressenamn og eit adressenummer til kvar enkelt eining. Forskjellen er at adresseparsellane ikkje er knytt til ein veg, men til eit stisystem, eit område eller ein plass.

Kommunen har allereie fått inn dette forslaget:

Kylleren (skrivemåte er fastsett av Statens kartverk)

Det er også ønska *Langholmen*, men dette finst allereie annan stad i kommunen. Det er viktig at kvar enkelt adressenamn er unikt og ikkje kan forvekslast med andre namn i kommunen.

Kommunen ser for seg *ei* områdeadresse som dekkjer desse tre øyane skal vere tilstrekkeleg.

Adressekode 4005 er tildelt.



Illustrasjon viser namn frå SSR